

## Referat frå årsmøtet 28.2.2019 i Voss Hang- og Paraglidarklubb VHPK på Park hotell

Sak 1: Godkjenna dei stemmeberettiga: godkjend

Sak 2: Godkjenna innkallinga: godkjend

Sak 3: Godkjenna saklista: godkjend men utan pkt. 8 om årsberetning, som ikkje treng leggjast fram

Sak 4: Godkjenna forretningsorden (strukturen til møtet/oppsett): godkjend

Sak 5: Velja dirigent/ordstyrer: Geir Dyvik er valt

Sak 6: Velja referent: Pål Erdal er valt

Sak 7: Velja to medlemmar til å underskriva protokollen: Øystein Bryn og Morten Knapstad

(Sak 8: Behandle klubben si årsberetning: utgår)

Sak 9: Behandle rekneskapen til klubben i revidert stand: Kasserar Renate sa at rekneskapen ikkje ligg føre, men at klubben har sunn økonomi og god likviditet, med auke i behaldninga på ca. 225.000,- fra forrige årsskifte. Dette sjølv om klubben har hatt personalkostnadar til dagleg leiar i halv stilling, og har kjøpt speedrider-utstyr for kurs til ca. 223.000,- (avskrivast gjennom tre år). Utstyr som bil, båt og værstasjonar er som før, og medlemstalet går opp.

Sak 10: Behandle framlegg og saker: Det er ikkje kome andre saker til årsmøtet enn framlegget frå styret, sjå sak 11.

Sak 11, **vedtektsendring** fremja av styret: Styret går frå 2 til 1-2 styremedlemar. Dette vart vedteke.

Vedtektsendringa medfører at vedtektenes §15 (1)-10 bokstav e no lyder slik:

(1)-10. Gjere fylgjande val:

a) Leiar 2 år.

b) Nestleiar 2 år.

c) Kasserar 2 år.

d) Skrivar 2 år.

**e) NYTT: 1-2 styremedlemar** og 2 varamedlemar 2 år.

f) Andre val i høve til organisasjonsplan vedteken av årsmøtet, jf. pkt. 9.

g) 2 revisorar.

h) Valkomité med 1 leiar og 1 medlem for neste årsmøte, fortrinnsvis nyleg avtroppande styremedlemar, for å sikra kontinuitet.

(Referentens forklaring til sak 11: Årsmøtets vedtak er i tråd med styrets framlegg . Det gjer at vedtektene er endra slik at det ikkje *må* vere 2 styremedleamar, det er nok med 1. Men ordlyden «1 til 2» betyr også at kvart årsmøte kan bestemme om dei vil velje 1 eller 2 styremedleamar. )

Sak 12: Val, som vart leia av valnemnda ved Morten Knapstad og Lars Haukom.

Følgjande vart valde til det nye styret:

Formann Einar Såkvitne: attval for eitt år

Nestleiar Kjell Svanes: ikkje på val, har eitt år att

Kasserar Renate F. Pedersen: ikkje på val, har eitt år att

Skrivar: Christian Hagen, NY som skrivar for to år

Styremedlem Ove Haukenes: ikkje på val, har eitt år att

Vara til styret: 1. vara: Andreas Ebbesen, 2. vara: Frode Fester valde for eitt år

Representantar til ting og møte i dei organisasjonsledd VHPK har representasjonsrett: Styret fekk årsmøtets fullmakt til å oppnemna representantane.

Valkomité for val i årsmøtet 2020: Morten Knapstad og Lars Haukom, baa attval

Styreleiar Einar takka av skrivar Brita Fretheim som gjekk ut av styret.

Årsmøtet slutt.

Referent Pål Erdal 7.3.2019

---

Etter årsmøtet vart det servert god pizza. Dagleg leiar Tom orienterte om arbeidet med ny start ved øvre gondol.

Geir orienterte om værstasjonane. Han oppmoda om å bruka Holfy-appen og nettstedet «vindnå.no», og til å vurdere vinden over eit større område, og om mogleg feilvisning og lokal retningsendring ved kun svak trekk kring 1-3 ms.

June Jansson frå Veko orienterte om arbeidet og profilen til komande Veko, og oppmoda om å stille til dugnad.